

Doktor Haugen slik du minnest han 9.

21.12.2014



Dr. Haugen som tannlækjar.

Når einkvan fekk tannverk, vart ofte dr. Haugen brukt for å få trekt tenner slik at ein kunne verta kvitt plaga. Lise Karin Døssland Sæbø har eit klart minne frå ei slik oppleving.

«Eg var nok 6-7 år slik at dette var på slutten av 1960-talet. Dr. Haugen kom på sjukebesøk til bestemor mi, Kaia Døssland. Sidan eg hadde tannverk, hadde far min, Knut Døssland, avtala trekkjing av tanna medan doktoren var i huset».

Lise Karin hugsar godt at ho sat på fanget til mor si i gamlestova, då Haugen kom med legekofferten sin. Han gjekk rett til verket, fann fram tanga og bad ho gapa opp. I første forsøket glippa tanga, andre gangen gjekk det på same vis, men i det tredje forsøket kom tanna ut medan jenta hylte som ein stukken gris.

«Nu var du så flink pike at du fortjener 25 øre», sa Haugen med mild og roleg stemme og gav henne ein 25-øring medan jentungen framleis hylte, og blodet rann frå munnen.

Så farta han vidare til neste oppdrag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003